Innspel frå NTL til Veglovutvalet

Det vert frakta varer og verdiar for over 1100 mrd. årleg på vegnettet vårt. Over 90% av alt som vert transportert på land i tonn, verdi og personar skjer på veg. Over 50% av trafikkarbeidet skjer på riksveg.

Fylkesgrensene er viktige for fylka, grensene mellom driftskontrakter viktige for dei som betalar for kontrakten. For trafikanten er det viktig at vegnettet er føreseieleg, forståeleg og framkomeleg utan uføresette standardsprang på tvers av desse grensene. Difor er det viktig med krav til standard, slik at trafikantane ikkje må betale prisen for at vegeigarar ikkje snakkar saman. Standardsprang på vegnettet inneber auka risiko for hendingar og redusert trafikksikkerheit.

Me ser meir ekstremvêr og fleire store naturhendingar. Naboen i aust er i aktivitet og NATO sine grenser er utvida. Med krigen i Ukraina har ordtaket om at amatørar snakkar taktikk og profesjonelle snakkar logistikk vorte drege fram att.

Veglova § 10 første ledd regulerer ansvaret for samfunnstryggleik og beredskap i vegsektoren. Det har vore enorme endringar i vegadministrasjonen dei siste åra og ansvars- og oppgåvefordelinga kan vera krevjande. Det er viktig at lova klargjer ansvarsforholda.

Det bør koma tydeleg fram kven som har ansvar og mynde. Den bør klargjera fullmakter og rekvisisjonsrett ved hendingar som hindrar samfunnskritiske funksjonar. Før nedlegginga av sams var dette enkelt. Då kunne Statens vegvesen disponera entreprenørressursane der behovet var størst. No er sams nedlagt og ansvaret delt mellom SVV og 15 fylkeskommunar pluss Nye Veier AS. Mangelen på ei heilskapleg hendingshandtering kan medføra at kritiske strekningar får forlenga stengetid.

Ved ordinære hendingar der det er omkøyring på tilsvarande vegnett utan vesentlege ulemper for samfunnskritiske funksjonar går dette ofte greitt. Den som eig vegen har ansvar for å ta vare på den. Ved hendingar der det er samfunnskritisk at vegen er open, der viktige transportkorridorar vert brotne, eller det av andre årsaker er av vesentleg ulempe for samfunnskritiske funksjonar at vegen er stengt, bør det koma tydeleg fram av lova eit mynde til å ta beslutningar på tvers av vegeigarar. Det kan vera knytt til definerte strekningar, i særskilte situasjonar eller begge.

NTL meiner også at vegsektoren i større grad må regulerast ut frå at også digital infrastruktur knytt til veg no er ein del av den samfunnskritiske infrastrukturen. Krav til sikkerheit og beredskap bør difor vere samanliknbare på tvers av sektorar som energi, ekom og transport.

Samstundes er det viktig at regelverket legg til rette for ei felles forståing og praktisering av krav på tvers av vegeigarane, slik at den digitale sikkerheita ligg på eit høgt nivå i heile sektoren.